



## Samband for framtida

Nordvestlandet har lagt bak seg eit år som gjekk mykje betre enn frykta. Næringslivet kom seg unna etterdønningane frå finanskrisa på ein langt betre måte enn ein kunne frykte. Vi er eit eksportfylke, avhengig av omverda, og kunne ha vorte drege mykje verre ned av krisetilstandane der ute i verda. Sjeføkonom Inge Furre i Sparebanken Møre teikna også eit optimistisk bilete av 2011 i gårsdagens utgåve av Sunnmørsposten, og i dag fortel vi om gode tal og optimisme hos Rolls-Royce (sjå side 14), som er ein av dei viktigaste aktørane i den maritime klyngja vår. Utsiktene til vidare vekst er til stades – utan at nokon kan tillate seg å slappe av den grunn.

Sjølv om vi lukkast med mykje på Nordvestlandet, har vi og store strukturelle utfordringar. Topografien er kan hende den mest utfordrande biten. Skal ein lukkast som livskraftig region, må utfordringane innan samferdsel løysast så fort som råd er. Det er ikkje mogeleg å slåst med Oslo-området, Stavanger, Bergen og Trondheim utan å lime saman Nordvestlandet skikkeleg. Og ordet pendlaravstand er sentralt. Å få Sunnmøre til å bli ein arbeidsmarknad, slik at det går an å bu i Fosnavåg og arbeide i Ålesund, og motsett, er ein suksessfaktor. Radiusen må aukast. Dersom ein får ned reisetida slik at rekkevidden til og frå dei folketunge områda våre vert større, vil ein oppnå ein dynamikk som gir umiddelbar, positiv effekt for både næringslivet og den enkelte som vel å busette seg i distriktet vårt.

Særleg dei ytre delane må ha gode og livskraftige årer dersom Ålesund som hjerte skal slå hardt og godt. For Ålesund må vere hjertet i distriktet, navet i maskineriet. Herifrå skal blod pumpast ut igjen til distrikta og skape livskraftige og sterke distrikt. Her dreier det seg om ein gjensidig avhengnad, Ålesund må som kulturell og kunnskapsmessig sentrum få meir vind i segla, nettopp for å styrke Hareid, Sykkylven, Ørsta, Haram og så vidare. Det er den maritime klyngja som nok er viktigast i så måte, og det er sentralt for framtida å kople verksemdene på Ytre Søre og Høgskolen i Ålesund saman. Det gjeld også det nye opplæringscenteret til Rolls-Royce, som definitivt gir Ålesund meir tyngde som sentrum for klyngja. Difor er det viktig å få på plass Hafast. **Men like viktig er sambandet nordover, og verksemdene i Haram. Det går ikkje an å snakke om Hafast utan også å snakke om Hamnsundsambandet. Den såkalla gullkysten vår må knyttast betre saman.**

Det vil difor vere eit kraftig tilbakeskritt om den einaste landfaste vegen mellom desse viktige knutepunkta skulle gå via Eiksundsambandet og for eksempel ein tunnel mellom Festøy og Solavågen. Då ville ein ikkje ha anna val enn å la ferja mellom Hareid og Sulesund fortsette å gå, og då er vi like langt.

Den såkalla gullkysten vår må knyttast betre saman.